



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
02.11.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2009/2131 - 561
Dykkar referanse

Breim Kraft AS
v/Hans J. Førde

e-post: hansjforde@c2i.net

Vedr. plan for tilstandsgranskingar i Storelva - Breim Kraft AS

Vi viser til e-post med forslag til prøvetakingsplan og til vår høyringsfråsegn til konsesjonssøknaden for Breim kraftverk datert 1.9.2011, spesielt det som står om resipientkapasiteten i vassdraget og grunnlaget for å vurdere saka etter vassforskrifta.

[Vassforskrifta](#) har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologisk status. I tilstandsklassifiseringa etter vassforskrifta er Storelva i tilstandsklasse moderat økologisk tilstand. Det er vidare konkludert med at tilstanden er dårleg (tilstand 4) for både tot. N og tot. P, og moderat (tilstand 3) på TKB (bakteriar). Storelva er dermed ei elv som krev tiltak for å forbetre tilstanden slik situasjonen er i dag. Forskrifta opnar ikkje for at det kan utførast tiltak som gjer at tilstanden vert enda dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12.

Den føreslegne prøvetakinga er etter vårt syn ikkje tilstrekkeleg for å kunne endre karakteriseringa av [vassførekomsten](#). Dersom de meiner det kan vere grunn til at ny prøvetaking vil føre til at elva kan karakteriserast med tilstandsklasse minst klasse 2 (god økologisk tilstand), må prøvetakinga gjennomførast i samsvar med normalprogrammet som omtalt i [retteleiren for tilstandsovervaking](#). Eventuell ny prøvetaking vil då inngå saman med eksisterande data som grunnlag for å vurdere karakteriseringa på ny. Prøvetakinga bør også planleggast slik at grunnlaget for ev. karakterisering av økologisk tilstand på påverka elvestrekning vert best mogeleg.

Dersom det vert tilført ureining på den planlagt utbygde strekninga, eller fortynningseffekten i vassdraget vert for låg til å kunne nå klasse 2, er vår førebelse vurdering er at det ikkje kan settast i verk nye tiltak som forverrar tilhøva i Storelva. Det er derfor viktig at den samla prøvetakinga avdekkjer type og nivå på ureining frå restfeltet gjennom heile året.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
Senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi pr. e-post: Norges vassdrags- og energidirektorat (sak 200901128-)

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj